

Alver kommune  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

---

|                         |                               |
|-------------------------|-------------------------------|
| <b>Dato</b>             | 29.09.2023                    |
| <b>Vår referanse</b>    | 2023/63720-5                  |
| <b>Dykkar referanse</b> |                               |
| <b>Sakshandsamar</b>    | Lillian Bakke Byrknes         |
| <b>E-post</b>           | Lillian.Bakke.Byrknes@vlfk.no |
| <b>Telefon</b>          | 45638702                      |

## Uttale - dispensasjon - frådeling - gnr. 137 bnr. 553 - Alver kommune

Vi viser til førespurnad frå Alver kommune om uttale til dispensasjonssøknad datert 14.08.23. Frist for uttale var 04.09.23, vi håpar kommunen likevel vil ta vår uttale med i si vurdering av søknaden.

Søknaden gjeld frådeling for å opprette ny eigedom for å bygge ein ny einebustad, og krev dispensasjon frå arealføremål og jordlovsbehandling. Tiltaket vil krevje dispensasjon frå byggegrense til fylkesveg.

Eigedomen er uregulert og ligg i område avsett til LNF føremål i kommunedelplan (KDP) for Lindås. Området ligg også i gul støysone.

### Uttale

I situasjonskartet er bustad teikna inn 26 meter frå vegmidte av fylkesveg 565 Alverflaten, og krev dispensasjon frå byggegrensa. Byggegrenser skal ta vare på trafikktryggleik, vedlikehald og drift av vegnettet, arealbehov ved ei eventuell utviding av vegen, og miljøet på eigedomane langs vegen.

Fylkesveg 565 Alverflaten er klassifisert som haldningsklasse viktig hovudveg jf. Rammeplan 2021-2024. Den seier tiltak ikkje bør etablerast nærare enn 50 meter frå vegmidte.

Vi er kritisk til bygging nærare enn 30 meter frå fylkesvegen då dette er ei strekning kor det er ønske om etablering av gang- og sykkelveg langs fylkesveg Alverflaten som gjer at vi vil ha behov for areal langs vegen.

Vi ber om å få saka tilsendt når ho er ferdig behandla.

Med helsing

**Linda Hjelmeland**  
fagkoordinator  
INV - Forvaltning Bergensområdet

**Lillian Bakke Byrknes**  
rådgjever  
INV - Forvaltning Bergensområdet

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*